



LINDÅS KOMMUNE  
Felles postmottak Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

Dato: 01.02.2018  
Vår ref.: 2018/423-2  
Saksbehandlar: sigwols  
Dykkar ref.:

Att. Nils Kaalaas

## **Kulturminnefagleg fråsegn i samband med bygging av landbruksvei gnr 209 bnr 3 - Høyland - Nedrekarvegen**

Vi syner til Dykkar brev av 05.01.2018 med ovanfor nemnde sak til fråsegn. Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Ut frå våre arkiv kan vi ikkje sjå at det omsøkte tiltaket vil koma i konflikt med automatisk freda kulturminne. Vi har derfor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av vegen søkjer å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Dersom det kjem fram eventuelle funn ved gjennomføring av tiltaket må Hordaland fylkeskommune få melding og alt arbeid stansast inntil rette forvaltningsmynde har vurdert/nærare dokumentert funnet, jf. kulturminnelova § 8 andre ledd.

David J. Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservator

Sigrun Wølstad  
spesialrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*